

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

10. søndag i treeiningstida – 28. juli 2013

Preiketekst: Mark 11,25-26

Lesetekst I: 1 Mos 33, 1-11

Lesetekst II: Ef 4, 29-32

Forsoning med Gud *eller* menneske?

DNI er ein misjonsorganisasjon. Det vil seia at for DNI er det viktig å spreia budskapet om Jesus Messias slik at menneske kan koma til tru på han, bli forsona med Gud og bli frelst. Andre grupper tenkjer at fred og forsoningsarbeid i Midtausten må vera så viktig at dialog- og fredskonferansar bør prioriterast så høgt at Jesus Messias sitt namn ikkje alltid treng nemnast, sjølv i kyrkjelege dokument.

Kva er viktigast? Forsoning med Gud, eller forsoning med menneske? Kva er det som er verst? At israelarar må springa til bomberomma? At palestinarar må stå i kø ved checkpostane? At menneske blir drepne i krigshandlingar? At menneske blir drepne på sjukehus i provosert abort? At det finst hat og motvilje til forsoning i verda? Eller er det verst at under to prosent i Midtausten trur på Jesus Messias, den einaste Frelsaren?

Svaret på spørsmålet om det er viktigast med forsoning med Gud *eller* menneske, er avhengig av kven Gud er. Kven er Gud? Er Gud ein trøystefull tanke vi kan ta fram når livet blir litt for vanskeleg, men som elles må finna seg i å vera i bakgrunnen? Eller er Gud sjølv fundamentet for alt liv og alt lys? "*For hos deg er livsens kjelde, i ditt lys ser vi lys.*" (Sal 36,10) Jesus sa: "*Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men taper si sjel? Eller kva kan eit menneske gje til vederlag for si sjel?*" (Matt 16,26)

Kva hjelper det i det lange og evige perspektivet om vi vinn alle fredsavtalar i heile verda, men ikkje sa noko om Jesus Messias, den einaste Frelsaren, til nokon av alle dei som deltok i alle fredskonferansane våre?

Så lenge Gud er Gud og livets kjelde, er forsoning med Skaparen vår det aller viktigaste.

Forsoning – med Gud og menneske

Men Gud sa aldri at det er i orden å forsona seg med Gud, Skaparen vår, for så å hata medmennesket. Tvert om: "Men den som hatar bror sin, er i mørkret og vandrar i mørkret. Han veit ikkje kvar han går, for mørkret har blinda auga hans." (1 Joh 2,11) Er du på møte eller gudsteneste og skal be, eller om du skal be kveldsbøn til Gud under dyna, og du kjenner at du har mye å kritisera andre for, så tilgje han først, slik at Gud kan tilgje misgjerningane dine. Jesus lærte oss å be: "Tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar." (Matt 6,12)

Forsoning med Gud er det viktigaste og mest grunnleggjande, men det høyrer saman med forsoning menneske imellom. Gud gav oss aldri valet mellom å forsonast med Gud *eller*

menneske. Gud gav oss Jesus Messias som døydde som eit sonoffer på krossen, og han gav oss Den Heilage Ande for å la Andens frukt veksa fram: "kjærleik, glede, fred, tolmot, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin." (Gal 5,22-23). Med den type eigenskapar som Anden produserer, blir relasjonane menneske imellom påverka til det betre.

Så lenge Den Heilage Ande bur i oss, er vi forsonte med Gud og blir stadig forsonte med medmenneska våre.

Forsoning – Gud er rede, men medmennesket er ikkje alltid rede

Gud er klar for forsoning: "Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga." (2 Kor 5,19) Jesus betalte, sona for syndene og vann over døden så grundig på krossen, at han ikkje treng gjenta det. Gud tilbyr forsoning, sjølv til den verste syndaren av alle.

Men ikkje alle vil ta imot. Alle har sine grunnar. Den rike mannen gjekk bort frå Jesus (Mark 10,17-27). Det var mykje strid og mange konflikhtar i kyrkjelyden i Korint (til dømes 1 Kor 6,7-8). Apostelen Paulus visste godt at ikkje alle medmenneske er rede til forsoning: "Gjer alt de kan for å halda fred med alle menneske, *så langt det er mogleg*." (Rom 12,18) Sjølv sagt har ein kristen eit stort ansvar for å elska sine medkristne, men ein etterfølgjar skal streva etter å halda fred med *alle* menneske, uavhengig av kva slags rase eller religion dei måtte tilhøyra.

Kva medmennesket gjer og ikkje gjer, må medmennesket ta ansvar for, men for den som er forsona med Gud, er forventningane klare til kva slags Andens frukt som skal veksa fram: "Så legg eg dykk på hjartet, eg som er fange for Herrens skuld, at de må leva eit liv som er verdig det kallet de har fått: mildt, audmjukt og tolmotig, så de ber over med kvarandre i kjærleik. Gjer alt de kan for å ta vare på einskapen i Anden, i den fred som bind saman" (Ef 4,1-3). Jesus sa: "Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born." (Matt 5,9).

Eit menneske som meiner seg å ha ein god relasjon til Gud, og som likevel hatar medmennesket sitt og ikkje har som grunninnstilling å tilgje og å skapa fred, øydelegg sitt eige forhold til Gud.

Og likevel: Då Jesus seier til etterfølgjarane sine at dei skal elska fiendane sine, velsigna dei som forbannar og gjera vel mot dei som hatar (Matt 5,44), fortel det at sjølv om alt hat ideelt sett burde ta slutt, når kjærleiken som er sterkare over døden vinn fram, så er ikkje verda vi for tida lever i ideell. Sjølv om medmennesket ikkje er klar til å sleppa hatet sitt, så vil den som har Anden buande i seg, elska tilbake.

Men korleis elsker ein tilbake og tilgir nokon som ikkje ber om tilgjeving? Kva skal eit overgrepsoffer gjera? Kva skal eit offer i terror eller krig gjera? Korleis elsker ein slike fiendar? Det å tilgje tyder ikkje å invitera fienden til å gjenta dei etisk gale handlingane. Det er ikkje mogleg å visa open tillit til kven som helst. Og likevel: Viljen til forsoning må ikkje døy. Utfordringa er å vise godleik utan å invitera fienden til å gjenta dei vonde handlingane sine. Sjølv om fienden oppfører seg grunnleggjande uetisk, så vil den som har Anden i seg, oppføra seg etisk tilbake. Det er Gud som skal døma medmennesket, derfor skal ein etterfølgjar av Jesus ikkje ta hemn (Rom 12,19).

Når du er sint, og kanskje med veldig god grunn, og fienden din absolutt ikkje vil angra seg, då kjem Jesus sine ord: "Men når de står og bed og har noko å klaga ein annan for, så tilgjev han. Då skal òg Far dykkar i himmelen tilgje dykk misgjerningane dykkar." (Mark 11,25) Di tilgjeving er ikkje avhengig av at fienden din har angra seg. Men du er avhengig av Gud for å bli tilgitt sjølv.

Forsoning – er du klar?

Gud sende Jesus Messias til å døye på krossen som eit sonoffer. Det skjedde for snart 2000 år sidan, det vil seia lenge før vi som lever i dag, rakk å påverka utfallet. Gud gjorde seg klar for forsoning.

Medmennesket sine val har du ikkje kontroll over. Nokre av fiendane dine angrar seg kanskje oppriktig i morgon slik at de kan bli gode vener med full tillit til kvarandre igjen. Andre fiendar vil ikkje angra seg uansett kor mykje du synest at dei burde angra seg og be om tilgjeving.

Det viktige spørsmålet å stilla seg sjølv er då: Er eg klar for å forsona meg med Gud og med medmenneska?

"Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud!" (2 Kor 5,20)

"Men den som hatar bror sin, er i mørkret og vandrar i mørkret. Han veit ikkje kvar han går, for mørkret har blinda auga hans." (1 Joh 2,11)

Andreas Johansson

Stedleg representant i Israel for Den Norske Israelsmisjon

ncmi.israel.representative@gmail.com